

**EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSDIREKTIV 2001/5/EF****2002/EØS/31/40****av 12. februar 2001****om endring av direktiv 95/2/EF om andre tilsetningsstoffer i næringsmidler enn fargestoffer og søtstoffer(\*)**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —  
 med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 95,  
 med tilvising til rådsdirektiv 89/107/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om tilsetningsstoffer som kan anvendes i næringsmidler beregnet på konsum(<sup>1</sup>), særleg artikkel 3 nr. 2 og artikkel 5 nr. 3,  
 med tilvising til framlegg fra Kommisjonen(<sup>2</sup>),  
 med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet(<sup>3</sup>),  
 etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten(<sup>4</sup>), og  
 ut frå desse synsmåtane:

- 1) I europaparlaments- og rådsdirektiv 95/2/EF av 20. februar 1995 om andre tilsetningsstoffer i næringsmidler enn fargestoffer og søtstoffer(<sup>5</sup>) er det fastsett ei liste over tilsetjingsstoff i næringsmiddel som kan nyttast i Fellesskapet, og vilkår for bruken av dei.
- 2) Sidan direktiv 95/2/EF vart vedteke, har det funne stad ei teknisk utvikling på området for tilsetjingsstoff i næringsmiddel.
- 3) Direktiv 95/2/EF bør tilpassast for å ta omsyn til denne utviklinga.
- 4) Tilsetjingsstoff kan berre godkjennast for bruk i næringsmiddel dersom dei stettar dei generelle kriteria som er fastsette i vedlegg II til direktiv 89/107/EØF.
- 5) I medhald av artikkel 5 nr. 1 i direktiv 89/107/EØF kan ein medlemsstat tillate bruk på territoriet sitt av eit nytt tilsetjingsstoff i næringsmiddel i eit tidsrom på to år.
- 6) I samsvar med oppmodingar frå medlemsstatar bør følgjande tilsetjingsstoff som er vortne godkjende på nasjonalt plan, godkjennast på fellesskapsplan: propan, butan og isobutan. Desse produkta bør merkjast i samsvar med rådsdirektiv 75/324/EØF av 20. mai 1975 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om aerosolbeholdere(<sup>6</sup>).
- 7) Vitskapsutvalet for næringsmiddel, som er oppnemnt ved kommisjonsvedtak 97/579/EF(<sup>7</sup>), er i samsvar med artikkel 6 i direktiv 89/107/EØF vorte rådspurt om vedtaking av føresegner som vil kunne verke inn på folkehelsa —

**VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:***Artikkel 1*

I vedlegga til direktiv 95/2/EF vert det gjort følgjande endringar:

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 55 av 24.2.2001, s. 59, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 136/2001 av 9. november 2001 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 6 av 24.1.2002, s. 19.

(<sup>1</sup>) TEF L 40 av 11.2.1989, s. 27. Direktivet endra ved europaparlaments- og rådsdirektiv 94/34/EF (TEF L 237 av 10.9.1994, s. 1).

(<sup>2</sup>) TEF C 21 E av 25.1.2000, s. 42, og TEF C 337 E av 28.11.2000, s. 238.

(<sup>3</sup>) TEF C 51 av 23.2.2000, s. 27.

(<sup>4</sup>) Europaparlamentsfråsegn av 11. april 2000 (enno ikkje offentleggjord i TEF), felles haldning frå Rådet av 20. juli 2000 (TEF C 300 av 20.10.2000, s. 45) og europaparlamentsavgjerd av 14. desember 2000 (enno ikkje offentleggjord i TEF). Rådsavgjerd av 19. januar 2001.

(<sup>5</sup>) TEF L 61 av 18.3.1995, s. 1. Direktivet sist endra ved direktiv 98/72/EF (TEF L 295 av 4.11.1998, s. 18).

(<sup>6</sup>) TEF L 147 av 9.6.1975, s. 40. Direktivet sist endra ved kommisjonsdirektiv 94/1/EU (TEF L 23 av 28.1.1994, s. 28).

(<sup>7</sup>) TEF L 237 av 28.8.1997, s. 18.

1. I vedlegg I vert det gjort følgjande endringar:
  - a) Følgjande tilsetjingsstoff vert sett inn i tabellen:  
«E 949 Hydrogen \*».
  - b) I merknad nr. 3 vert følgjande stoff sett inn i teksta ved symbolet \*:  
«E 949».

2. I vedlegg IV vert det gjort følgjande endringar:

- a) Følgjande tekst vert lagd til i tredje og fjerde kolonne i rubrikken for «E 445: Glyserolestere av kolofonium (harpiks)»:

«Alkoholsterke uklare drikker i samsvar med rådsforordning (EØF) nr. 1576/89 om alminnelige regler om definisjon av, betegnelse på og presentasjon av alkoholsterke drikker(*)	100 mg/l
Alkoholsterke uklare drikker med et alkoholinnhold på under 15 volumprosent	100 mg/l

(\*) EFT L 160 av 12.6.1989, s. 1.»

- b) Følgjande rubrikkar vert lagde til:

«E 650	Sinkacetat	Tyggegummi	1 000 mg/kg
E 943a	Butan	Vegetabilsk olje i sprayform (bare til yrkesbruk)	<i>quantum satis»</i>
E 943b	Isobutan		
E 944	Propan	Vannbasert emulsjonsspray	

3. I vedlegg V skal første rubrikken lyde:

«E 1520	1,2-propandiol (propylenglykol)	Fargestoffer, emulgatorer, antioksidanter og enzymer (høyst 1 g/kg næringsmiddel)»
---------	---------------------------------	---

## Artikkkel 2

1. Medlemsstatane skal seinast 24. august 2002 vedta dei lovane og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnehene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnehene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

## Artikkkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde den dagen det vert kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

*Artikkelen 4*

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utført i Brussel, 12. februar 2001.

*For Europaparlamentet*

N. FONTAINE

*President*

*For Rådet*

T. ÖSTROS

*Formann*

---